

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-140, TI-&37  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 25.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.03.2021
030/21	Alver formannskap	11.03.2021
045/21	Utval for areal, plan og miljø	10.03.2021
010/21	Utval for helse og omsorg	09.03.2021
011/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.03.2021
	Alver kommunestyre	
012/21	Eldreråd	08.03.2021
030/21	Utval for næringutvikling og drift	10.03.2021
013/21	Ungdomsråd	08.03.2021

## **Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune** **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringer i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:**

#### **Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **RMNF- 010/21 Vedtak:**

Ingen merknader.

### **Eldreråd 08.03.2021:**

#### **Handsaming:**

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale i møtet:

*Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:*

*Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegget sett fram i møtet.

#### **ER- 012/21 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

*Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:*

*Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune. Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.*

### **Ungdomsråd 08.03.2021:**

#### **Handsaming:**

Orientering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

#### **UR- 013/21 Vedtak:**

Tatt til orientering

Samrøystes vedteke

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:**

##### **Handsaming:**

Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte og svarte på spørsmål.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **OKK- 011/21 Vedtak:**

##### **Uttale frå OKK - 09.03.2021:**

Ingen merknader.

##### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for areal, plan og miljø, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

##### **Bakgrunn**

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal drøfte utviklingstrekk i kommunen. Drøftinga er grunnlag for å ta stilling til planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien tek stilling til kva samfunnsutfordringar som skal møtes av nye, eller revidering av eksisterande planar. Den tek ikkje stilling til innhaldet i planane.

##### **Saksopplysningar:**

Alver kommunestyre vedtok planstrategi for Alver i sak 28/20.

Ein ny kommune har behov for planer som gode styringsverktøy for å bidra til berekraftig samfunnsutvikling, strategisk, politisk styring og medverknad.

Framlegget til planstrategi for Alver kommune og vurdering av planbehovet er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Fokus på plan oppgåver som er vesentlege å ha på plass i ein tidleg fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogelegheit og utfordringsdokumentet.

Det lagt vekt på følgjande områder for prioritering av planar:

1. Kommuneplan for Alver kommune.

2. Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
3. Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
4. Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidretta tenester.

#### Rådmann si vurdering:

Den vedtekne planstrategien er omfattande. Det er naturleg det er mange planer og strategiar som må på plass i ein ny kommune, slik at vi har gode styringsverktøy.


Det er behov for ein gjennomgang av planstrategien etter eit år som Alver kommune. Pandemien gjorde at nokre planer er blitt forsinka i prosessen. Til dømes er kommunedelplan for helse og omsorg(KDP) og oppvekst er planprosessar som har teke lenge tid. Desse store tenesteområda var særleg råka av ekstra arbeid knytt til Korona-situasjonen.

Vi har hatt ein grundig felles medverknadsprosess knytt til samfunnsdel, kommunedelplan for helse og omsorg, strategi for sykkel og Nær og lokalsenter studie. Medverknadsarbeidet har vore annleis og krevjande med omsyn til Korona pandemien. Den har og kravd ekstra ressursar. Rådmann erfarer at vi på tross av det har fått til gode medverknadsprosesser som og skal nyttast i anna samfunnsplanlegging.

I planstrategien er det framlegg om mange temaplanar og strategiar. I rulleringa av planstrategi tilrår rådmann at fleire av temaplanane ikkje vert vist i planstrategien som eigne temaplaner eller strategiar.

I prosessen med samfunnsdelen og kommunedelplanane ser vi at fleire av desse tema bør integrerast i desse planane. Nokre av tema vil også vere kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel. Vi ønsker å jobbe etter den raude tråden i planlegginga. Samfunnsdelen og kommunedelplanen tar opp i seg sektorovergripande problemstillingar knytt til klima, beredskap, samfunnsikkerhet og tema som å ta hele kommunen i bruk. I denne modellen vil samfunnsdelen vise kva tema vi må ha fokus på for å oppnå måla. Dette skal igjen inn som ein del av handlings og økonomiplanen.

Den raude tråden i planlegging illustrert under.



Alver vil bruke det digitale verktøyet Framsikt i planlegging. Dette vil gjere oss til å lettare sjå samheng frå overordna planlegging til tiltak i økonomiplan.

## Planoppgåver i planstrategien

### 1)Kommuneplan for Alver

Samfunnsdelen har ei viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medverknad.

Arbeidet med samfunnsdelen er i gang. Planen skal vedtakast hausten 2021.

### Arealdelen ( KPA)

Gjeldande arealdelar vil i realiteten bli kommunedelplanar i den nye kommunen. Planen vil gjelde for det same arealet som før. Den vil være rettsleg bindande og styrearealdisponeringa på same måte som før samanslåinga. Men planane vil ikkje vere samordna.

Det er eit mål i planstrategien at ny arealdel vert prioritert.

Kommuneplanen sin arealdel for Alver blir eit omfattande arbeid. Rådmann vurderer det slik at det er behov for ein brei gjennomgang på kva kunnskapsgrunnlag vi har behov for i arealplanprosessen. Vi har starta arbeidet med å få oversikt på kva tema og ressursbruk som må på plass for ein god kommuneplanprosess.

Kunnskapsgrunnlag (lista er ikkje uttømmende)

- Oversikt over arealresevere i gjeldande planer
- Kjerneområde landbruk
- Naturmangfald
- Kulturmiljø og kulturminne
- Kartlegging av friluftslivsområder
- Strandsone
- LNF- spreidd næring og busetnad
- Behov for offentleg areal
- Samfunnsikkerhet og beredskap
- Strategiar og mulighetstudier
- Kunnskapsgrunnlag knytt til interkommunal plan for sjøareal

Dette er eit omfattande arbeid som krev tverrfagleg ressursar. Når eit solid kunnskapsgrunnlag er på plass tidleg i prosessen, vil det kunne gje eit meir presist og konkret planprogram, og ein meir effektiv planprosess til vedtak av KPA.

Rådmann tilrår med bakgrunn i dette at planprogram og formelt varsel om planoppstart vert lagt fram til politisk behandling for høyring og ettersyn i januar 2022.

Det er ein lang prosess å arbeide med ein ny KPA, framdrift er og styrt også av høyringar og merknader frå lokal medverknad og statleg og regionalt nivå. Målet er å få vedteke ein ny arealdel for Alver i perioden i tråd med planstrategien.

### 2) Tydeleggjing av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune

I Intensjonsavtalen for Alver kommune blei det vedteken ein senterstruktur for den nye kommunen.

Administrasjonen er i slutfasen av arbeidet med mulighetstudie for lokal og nærsenter. Denne er klar vår 2021.

Den vil vere eit kunnskapsgrunnlag for samfunn og arealdelen og ved vurdering av behov for reguleringsplanar. Tema er ei overordna analyse på lokal sentra i Alver. Dette kunnskapsgrunnlaget vil gjere oss i stand til å peike på nokre moglegheiter og utfordringar i sentra , for at dei skal vere eit godt tilbod til innbyggjarane og bidra til ei god heilskapleg utvikling i Alver.

### 3) Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – aksen Frekhaug – Knarvik – Alversund.

Det skal våren 2021 starta opp ei moglegheitsstudie for aksen Frekhaug- Knarvik- Alversund.

### 4) Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidretta tenester.

Det er kommuneplanen sin samfunnsdel som skal seie noko om korleis kommunen skal utvikle seg som samfunn og organisasjon.

I intensjonsavtalen er det lagt særleg vekt på at Alver skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune. Den nye kommunen skal møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet, og tenestetilbodet skal vere der brukarane bur.

I planstrategien er det difor prioritert å gjennomføre planar som skal sikre at kommunen jobbar heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, i tillegg til planar som definerer ambisjonane på dei store tenesteområda innan helse, sosial og omsorg og oppvekst.

Arbeidet med kommunedelplanane for helse og omsorg og oppvekst er i gang. Planprogram for begge planane er vedteke. Målet er at planane skal vedtakast februar 2022.

Det er utarbeida ein felles medverknadstrategi for samfunnsdelen og kommunedelplanane

### Planstrategi status og rådmann sitt framlegg til endringar er omtala i tabell under

<b>1. Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel</b>					
<b>Planer</b>	<b>Status feb.2021</b>	<b>Oppstart</b>	<b>Avslutt</b>	<b>Rådmann tilråding</b>	<b>Grunngjeving</b>
<b>Samfunnsdelen med overordna arealstrategi</b>	I prosess	V-2020	H-2021	I tråd med vedteke planstrategi	
<b>Arealplan (KPA)</b>	Arbeid med kunnskapsgrunnlag og planlegging av prosess er starta	V-2022	H-2023	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Rådmann tilrår å bruke tid på kunnskapsgrunnlag i 2021, for å få eit tydleg planprogram ved varsel om oppstart
<b>2. Kommunedelplan ( KDP)</b>					
<b>Planer</b>	<b>Status feb.2021</b>	<b>Oppstart</b>	<b>Avslutt</b>	<b>Rådmann tilråding</b>	<b>Grunngjeving</b>
<b>Kommunedelplan for oppvekst</b>	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med	V-2020	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategier vil bli ein del av samfunnsplan.

	samfunnsdel				
<b>Kommunedelplan for helse og omsorg</b>	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Justert framdrift. Overordna mål og strategiar vil bli ein del av samfunnsplan.
<b>Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv</b>	Ikkje starta	V-2021	H-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Rådmann tilrår å utarbeide ein felles KDP for kultur, idrett og friluftsliv, med handlingsplaner for temaområda

### 3. Temaplaner

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
<b>Kulturminneplan</b>	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Kartlegging kulturmiljø blir eit viktig kunnskapsgrunnlag for KPA.
<b>Kulturplan</b>	Overordna mål og strategiar for kultur er ein del av arbeidet med samfunnsdelen.			Går ut som eigen plan i planstrategi	Kulturplan vert ein del av KDP- kultur, idrett og friluftsliv. Tilrår å ta strategiar for idrett- og friluftsliv samen med kultur i ein felles kommunedelplan. For heilskap i eit område som har mykje felles.
<b>Plan for beredskap og samfunnstryggleik</b>	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for beredskap og samfunnstryggleik er ein del av arbeidet med samfunnsdelen			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen plan for beredskap og samfunnstryggleik. Tema er ein del av all samfunnsplanlegging. Tema vil ha ein sentral rolle i kunnskapsgrunnlag til arealdel og vil vere viktig i arealplanlegging i kommunen.
<b>Temaplan for vatn og avlaup</b>	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
<b>Temaplan kommunale vegar</b>	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Blir gjennomført vedteke planstrategi	Tilrår at temaplan for trafikktryggleik vert ein fellesplan med temaplan for kommunale vegar.
<b>Temaplan vedlikehald for kommunal bygningsmasse</b>	Ikkje starta. Kunnskapsgrunnlag er utarbeida	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	

<b>Akvakulturplan</b>	Ikkje starta			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen plan på dette tema. Akvakultur er ein del av vurderingane i det pågåande arbeidet med interkommunalplan for sjøareal i Nordhordland.
<b>Klima- og miljøplan</b>	Overordna mål og strategiar for klima og miljø er ein del av arbeidet med samfunnsdelen			Går ut som eigen plan i planstrategi	Tilrår ikkje eigen temaplan. Klima og miljø er sektorovergrepande og styrer planarbeidet til Alver mellom anna gjennom bruk av berekraftsmål i samfunnsdel og temaplaner. Tema er ein sentral del av kunnskapsgrunlaget til KPA, Kartlegging av naturmangfold, Strategi for grøn mobiltet, Temaplan for friluftslivets ferdselsårer, Strategisk næringsplan.
<b>Strategisk næringsplan</b>	Ikkje starta. Overordna mål og strategiar for næringsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen	V-2021	2022	Blir gjennomført vedteke planstrategi	
<b>Alkoholpolitisk plan for Alver</b>	Ny plan er utarbeida			Gjennomført	
<b>Ruspolitisk plan</b>	Ikkje starta			Går ut av planstrategi	Ruspolitikk blir ein del av KDP Helse og omsorg og oppvekst. Tema vil bli grundig omtala i KDP helse og omsorg med strategiar knytt til tema.
<b>Smittevernplan</b>	Ny plan er utarbeida			Gjennomført	
<b>Trafikk tryggleiksplan</b>	Ikkje starta	V-2022		Gjennomførast, med endra form	Rådmann tilrår å slå saman trafikk tryggleiksplan med temaplan for kommunale vegar. Tema er vevd i kvarandre og det vil gje eit betre

					styringsverktøy
<b>Bustadsosial handlingsplan</b>	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for bustadsosial handlingsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen	H-2022	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Mål og strategiar knytt til bustadpolitikk vil vere ein del av KDP Helse og omsorg. Eigen plan vert starta etter KDP er vedteke.
<b>Plan for å styrke fastlegetenestene i Alver kommune</b>	Ikkje starta	H-2021	2021	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	
<b>Veteranplan ( Forsvaret)</b>	Ikkje starta	V-2023	2023	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	
<b>Temaplan friluftlivets ferdselsårer</b>	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir gjennomført med vedteke planstrategi	Det er eit nasjonalt mål at kommunen har slik plan og det arbeidet er finansiert av tilskotsmidlar. Denne planen blir eit viktig kunnskapsgrunnlag til KPA og KDP kultur, idrett og friluftliv. Vil og ta opp i seg tema som er relatert til miljø.

#### 4.Strategi og mulighetstudie

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
<b>Digitaliseringsstrategi</b>				Går ut av planstrategi	Dette tema vil vere ein sentral del av det interkommunale arbeidet mht digitalisering som pågår.
<b>Overordna strategi for tema i Miljøløftet</b>	Ikkje starta	V-2021	V-2022	Blir ein del av revidert planstrategi	utarbeide ein strategidokument som beskriv mål, strategiar og prinsipp for korleis kommunen skal prioritere midlane i Miljøløftet Kommunen kan nytte lokale belønningsmidlar til å utarbeide planen.
<b>Strategi for eigerskap i Alver</b>	Ferdig			Gjennomført med vedteke planstrategi	
<b>Strategi – ta heile</b>	Ikkje starta. Tema er nå ein			Går ut av planstrategi	Tema er ein del av arbeidet med



<b>kommunen i bruk</b>	del av arbeidet med samfunndel og areal strategiar				Samfunnsdelen og ein del av arealstrategiane. Mulighetstudie for lokal og nærsenter tek og i seg desse problemstillingane. Tema vil og bli ein sentral del av arbeidet med arealdelen.
<b>Strategi – ta heile kommunen i bruk næring</b>	Ikkje starta. Tema er nåein del av arbeidet med samfunnsdel og arealstrategiar			Går ut av planstrategi	Tema er ein del av arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategiane og arealdelen. Tema er og ein sentral del av strategisk næringsplan.
<b>Strategi for grønn mobilitet. Gå og sykkle i Alver</b>	I prosess. Sykkelstrategi ferdig april. Gå-strategi i 2022.	2020	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Kunnskapsgrunnlag for mellomanna prosjekt i Miljøløftet og KPA. Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan, KDP kultur, idrett og friluftsliv
<b>Mulighetstudie Frekhaug-Alversund-Knarvik</b>	Ikkje starta Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	H-2021	V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
<b>Mulighetstudie for lokal og nærsenter</b>	I prosess Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	V-2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
<b>Mulighetsstudie Meland ungdomskule</b>	Ikkje starta	V-2021	H-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	
<b>Mulighetstudie Alversund skule</b>	I prosess	2020	V-2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	

### 5.Reguleringsplanar knytt til overordna infrastruktur

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
<b>Regulering Ny Alversund bru</b>	Regulering av Alversund bru	V-2021	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	
<b>Regulering av gang og sykkelveg. Hagelsund bru</b>	Forprosjekt avslutta			Gjennomføring krev samarbeid/prosesstyring med SVV	Forprosjektet viser at det er mogleg å etablere påhengt gang-sykkelveg på brua. Må regulerast. Samarbeid med SVV som må planlegge prosjektet.
<b>Kommunedelpl</b>	Planprogram har			Går ut av	Det er fremja politisk

<b>an Sambandet vest</b>	vore på høyring			planstrategi	sak om at planarbeidet i tråd med merknader til planprogrammet vert avslutta
<b>Kommunedelplan E39</b>	Planprogram vedteke, planarbeid i prosess		V-2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	

## 6. Områdereguleringsplaner

Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Rådmann tilråding	Grunngjeving
<b>Områderegulering Midtmarka og Rotemyra</b>	Planarbeidet er avslutta			Går ut av planstrategi	Arealvurderingar knytt til vidare utvikling av Flatøy vil vere ein del av arbeidet med KPA Alver
<b>Områderegulering Langelandskogen/Frekhaug nord</b>	I prosess	2018	2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.
<b>Områderegulering Ostereidet</b>	I siste fase før endelig vedtak		2021	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.
<b>Områderegulering Knarvik</b>	ikkje starta	H-2021	2023		Det er behov for nye vurderingar knytt til tema i områdeplan for Knarvik. Kjem tilbake til ein detaljert omtale av plantema ved oppstart
<b>Områderegulering Mjåtveitstø og Dalstø</b>	I prosess		2022	Gjennomført i tråd med planstrategi	Framdrift er og styrt av høyringar og merknader frå lokal medverknad, statleg og regionalt nivå.

**Vedlegg i saken:**

25.02.2021	Planstrategi rådmann sin versjon etter framlegg til rullering 10.03.21	1518209
25.02.2021	Utfordringsnotat Planstrategi for Alver	1518210